



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 11.07.2018
Vår ref: 14/01075-30
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter mineralloven for Nordre Kalberg massetak i Time kommune. Tiltakshaver: Stangeland Maskin AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 03.07.2014 frå Stangeland Maskin AS med org. nr. 935 861 330. Stangeland Maskin AS med org. nr. 935 861 330, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Nordre Kalberg massetak på del av eigedomen gnr./bnr. 30/5 i Time kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 103 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 13.06.2006 med plan-ID 0277.02 og namn «masseuttak på Nordre Kalberg» er området regulert til steinbrot og masseuttak.

DMF gjer oppmerksom på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjøre vesentlige avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profiler skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 350 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 337 500, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Nordre Kalberg massetak. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, sjå vedlegg 5.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Time kommune, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør, Statnett SF, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Statens vegvesen Region sør, Bane NOR SF, Statskog SF, Lyse elnett AS, og andre partar vedtaket kan få følgjer for.

Høyringsperioden var frå 18.04.2018 til 23.05.2018.



DMF har mottatt høringsfråsegn frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Statens vegvesen Region vest, Statnett SF, Rogaland fylkeskommune, Bane NOR SF, Fylkesmannen i Rogaland og Time kommune.

Frå høringsfråsegna har DMF særleg merka seg dette:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) uttaler at dei ikkje har nokon merknad til søknad om driftskonsesjon for Nordre Kalberg massetak i Time kommune.

DMF sin kommentar

DMF tar DSB sitt høringsfråsegn til etterretning.

Statens vegvesen Region vest

Statens vegvesen Region vest går ut ifrå at drifta vil skje i tråd med gjeldande reguleringsplan og tilhørande føresegn. Dei har elles ikkje nokon merknad til søknad om driftskonsesjon for Nordre Kalberg massetak i Time kommune.

DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar merksam på Statens vegvesen sitt høringsfråsegn og tar vidare Statens vegvesen sitt høringsfråsegn til etterretning.

Statnett SF

Attgjeving av vesentlege delar av Statnett SF sitt høringsfråsegn:

«Statnett viser til brev fra direktoratet for mineralforvaltning 18.4.2018 vedrørende høring av driftskonsesjon for Nordre Kalberg massetak i Time kommune. Det omsøkte området er regulert til steinbrudd og masseuttak i 2006, med mindre vesentlig endring av reguleringsplanen i 2015. Endringen i 2015 var forlengelse av uttakstiden for masseuttaket.

Statnett uttaler seg til konsesjonen ved å ha anleggskonsesjon til å eie og drifte 300 kV-transmisjonsnettsledning Kjelland – Stokkeland som går øst for området, samt at vi har søkt konsesjon til NVE om å bygge Fagrafjell transformatorstasjon sørøst for planområdet.

Det går frem av forslaget til driftsplan at fjellressursen innenfor planområdet tas ut etter tradisjonell drift med rensk av løsmasse og boring i paller. Statnett bemerker at ved eventuelt behov for sprenging så skal Statnett varsles på forhånd.

Sprengningsarbeidet og virksomheten i masseuttaket må ikke påføre stasjon, ledninger, master mv skade. Transformatorstasjon og transmisjonsnettet er sensitive mot vibrasjoner fra sprengningsarbeider, og har derfor fastsatt grenseverdier for vibrasjoner på konstruksjoner som kan påvirkes. Grenseverdiene er fastsatt etter NS8141:2001, dvs. toppverdien av svingehastigheten. Grenseverdien for transmisjonsnettanlegget er satt til 20 mm/sek. Tiltakshaver er ansvarlig for at grenseverdiene overholdes.

Statnett har omsøkt å benytte eksisterende vei på sørsiden av det aktuelle masseuttaket som adkomst til ny Fagrafjell transformatorstasjon. Statnett vil



ha dialog med grunn- og rettighetshavere knyttet til dette. Konsesjonsaken ligger til behandling i OED.»

DMF sin kommentar

Vi gjør Tiltakshavar merksam på Statnett SF si høyringsfråsegn når det gjeld førehandsvarsel ved sprenging. DMF går vidare ut i frå at Tiltakshavar driv i tråd med anna regelverk, og såleis overheld grenseverdiane som er fastsatt i NS 8141:2001. Endeleg tar DMF Statnett SF si høyringsfråsegn til etterretning.

Rogaland fylkeskommune

Attgjeving av vesentlege delar av Rogaland fylkeskommune si høyringsfråsegn:

«Vi viser til mottatt høring av søknad om driftskonsesjon for Nordre Kalberg massetak i Time kommune.

Fylkesrådmannen har vurdert saken som sektormyndighet innenfor kulturminnevern, med henblikk på tiltakets innvirkning på automatisk freda kulturminner.

Det går frem av høringen at DMF ønsker en tilbakemelding på hvordan tiltaket vil påvirke registrerte automatisk freda kulturminner.

Det er innenfor planområdet registrert et fjernet kulturminnefelt (id 54608). Feltet er fjernet ved nydyrking av området i 1966. Området som det søkes konsesjon for er regulert i reguleringsplan for masseuttak på Nordre Kalberg (plan 0277.02), vedtatt august 2015. I forbindelse med behandlingen av planforslaget ble det registrerte kulturminnefeltet vurdert av Rogaland fylkeskommune. Med bakgrunn av at feltet var fjernet og man anså det som lite sannsynlig at det fantes rester etter de registrerte røysene under markoverflaten, hadde fylkesrådmannen ingen merknader til planforslaget. Med bakgrunn i tidligere vurdering av området i forbindelse med behandling av plan 0277.02, har vi ingen innvendinger til at det blir gitt driftskonsesjon som omsøkt.

Det er imidlertid i det umiddelbare nærområdet til planområdet registrert flere automatisk freda kulturminnefelt. Like nordvest for planområdet ligger et større gravfelt (id 15183), og sør for planområdet et gårdsanlegg (id 44847) og et gravfelt (id 34828). Det er også registrert et svært stort gårdsanlegg på Møgedal/Fagrafjell (id 55150), deler av dette feltet strekker seg ned mot tiltaksområdet.

Vi ber om at tiltakshaver blir gjort oppmerksom på at det er registrert en rekke automatisk freda kulturminner i nærområdet. Det er svært viktig at plangrensen overholdes slik at ikke nærliggende kulturminnefelt vil ta skade av pågående og fremtidige anleggsarbeider.

Vi vil avslutningsvis også minne om at kulturminnelovens § 8 annet ledd gjelder generelt, slik at dersom tiltakshaver skulle bli oppmerksom på mulige automatisk freda kulturminner i forbindelse med gjennomføring av tiltaket, må fylkeskommunen varsles og arbeidene stanses i den grad de kan påvirke de mulige kulturminnene.»



DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar oppmerksom på Rogaland fylkeskommune si høyringsfråsegn knyta til funn av kulturminner i nærleiken av uttaksområdet. Kulturminna ligg ikkje innanfor konsesjonsområdet og planlagt uttak i samsvar med driftsplanen. DMF legg til grunn at Tiltakshavar driv i tråd med godkjent driftsplan og konsesjonsområde, og visar vidare til vilkår i vedtakets punkt 2.4 om markering av konsesjonsgrensa.

DMF legg endeleg til grunn at Tiltakshavar driv i tråd med kulturminnelova, og visar særskilt til meldeplikta i kulturminnelova § 8. Vidare tar DMF Rogaland fylkeskommune si høyringsfråsegn til etterretning.

Bane NOR SF

Bane NOR har ingen merknadar til søknaden. Masseuttaket inngår i tilhørende reguleringsplan og ligg ca. 60 meter sørvest for Ålgårdbana. Ålgårdbana er p.t. ikkje trafikkert, og det er regulert eit grøntareal/naturvernområde mellom Ålgårdbana og masseuttaket.

DMF sin kommentar

DMF tar Bane NOR SF si høyringsfråsegn til etterretning.

Fylkesmannen i Rogaland

Attgjeving av vesentlege delar av Statnett SF sitt høyringsfråsegn:

«Fylkesmannens vurdering

Forurensning

Masseuttaket drives i henhold til selvbærende vilkår i forurensningsforskriften kapittel 30. Kartlegging av støy og støv har ikke vist overskridelser av vilkårene. Fylkesmannen er heller ikke kjent med naboklager knyttet til utslipp av støy og støv fra masseuttaket.

Utslipp av suspendert stoff omtales under vurderingen av naturmangfold.

Naturmangfold

Vi har sjekket i naturbase og artskart med hensyn til mulig påvirkning av naturmangfoldet.

Forekomsten av truede eller sårbare fuglearter i artskart i eller i umiddelbar nærhet til området som omfattes av søknaden består vesentlig av sporadiske observasjoner, og driften anses ikke å ha nevneverdig negativ påvirkning.

Vi har heller ikke kjennskap til andre forekomster av truede eller sårbare arter i selve uttaksområdet.

Masseuttaket er lokalisert i kort avstand til det vernede Figgjovassdraget, som av hensyn til laks, aure og elvemusling vil være sårbart for utslipp av suspendert stoff og nedslamming av sandpartikler.

Reguleringsplanen setter krav til etablering av rensepark og sedimenteringsbasseng, jf. reguleringsplanens pkt. 3.12: «Det skal anlegges sedimenteringsbasseng som fanger opp sand- og gruspartikler før over vann



fra masseuttaket ledes ut i naturvernområdet. Plan for basseng med rutiner for tømning må utarbeides av kvalifisert konsulent og godkjennes av kommunen.»

Fylkesmannen ber DMF presisere at tiltakshaver må ha skriftlige rutiner som sikrer at renseparken fungerer optimalt, inkludert rutiner for tømning av sedimenteringsbasseng og måleprogram for utslipp av suspendert stoff til resipienten i Figgjoelva i henhold til selvstående vilkår i forurensningsforskriften kapittel 30.

Søker opplyser i søknaden at det «i området nærmest Figgjoelven er grusforekomster som også tas ut». Fylkesmannen ber derfor DMF om å sette som vilkår at tiltakshaver skal sørge for tilstrekkelige tiltak til å sikre at alt overflatevann også fra denne grusforekomsten ledes over sedimenteringsbassenget, slik at ikke diffus utskylling av sandpartikler og suspendert stoff fører til misfarging eller nedslamming i Figgjoelva i perioder med mye nedbør.

Slike utslipp kan få negativ påvirkning på fiskeyngel og bestanden av elvemusling i resipienten. Elvemusling er definert som sårbar (VU) i Norsk Rødliste for arter 2015, og har også status som prioritert art.

Under ovennevnte forutsetninger tilrår Fylkesmannen at søknaden om driftskonsesjon godkjennes.»

DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar merksam på Fylkesmannen i Rogaland sitt høyringsfråsegn. DMF føresetjar at Tiltakshavar driv i samband med forureiningsforskrifta kapitel 30, her under forskriftas § 30-9 b om målingar og berekningar av utslipp til vann.

Kva angår forslag til vilkår om tiltak for å sikre at overflatevatn blir leda over sedimenteringsbasseng, viser vi til reguleiringsføresegna pkt. 3.12. DMF føresetjar at Tiltakshavar driv i tråd med reguleringsføresegna pkt 3.12, og oppfordrar vidare til tett og konstruktiv dialog med kommunen og Fylkesmannen for å ta vare på omsynet til Figgjoelva. Ut over dette tek DMF høyringsfråsegna til etterretning.

Time Kommune

Attgjeving av vesentlege delar av Time kommune sitt høyringsfråsegn:

«Viser til høringen som ble oversendt 18.04.2018. Time kommune fikk utsatt høringsfristen til 01.06.2018.

Time kommune er kritisk til søknaden om driftskonsesjon da den er i strid med gjeldende reguleringsplan for området, plan 0277.02. Profil 1 viser at det er planlagt uttak av masser innenfor bestemmelsesområde #1.

Bestemmelsesområdet #1 har følgende bestemmelse;

«7.1 I område merket som bestemmelsesområde på plankart, tillates ikke uttak av masser før det foreligger en endelig avklaring av om området vil komme i konflikt med ny tverrforbindelse mellom Fv 505 og E39.



7.2 Området kan uavhengig av dette brukes til adkomst/rigg/anleggsområde samt mellomlagring og sortering av masser.»

Bestemmelsesområdet er lagt inn i planen fordi ny tverrforbindelse mellom Foss-Eikeland og E39 Bråstein er lagt gjennom dette området i godkjent overordnet plan for dette området «Interkommunal kommunedelplan for bybåndet sør», se vedlegg. Traseen er en av flere traseer, som ifølge godkjent planprogram for «kommunedelplan for tverrforbindelse mellom Foss-Eikeland», som skal utredes nærmere.»

DMF sin kommentar

DMF har i samband med Time kommune sitt høyringsfråsegn kontakta Tiltakshavar for å få ein fråsegn med omsyn til kommunens kommentarar. DMF fekk tilsendt eit skriftleg svar frå Tiltakshavar den 05.07.2018.

Tiltakshavar har kontakta Time kommune og fått forståelse av at kommunen vil ta spesielt hensyn til Stangeland Maskin AS sine planer i området og at Tiltakshavar får være ein aktiv part i det fremtidige reguleringsarbeidet for vegløyisingar i dette området. Attgjeving av vesentlige deler av svaret ut over dette:

«Slik vi forstår det skal Statens Vegvesen starte arbeidet med planarbeidet i dette området etter sommerferien 2018 og de forventer å ha et forslag til løysning på veisituasjonen i området ca juni 2019.

...

Legger ved et vedlegg som viser de planlagte veilinjene som Time og Kleppkommune nå jobber med, der har vi manuelt tegnet på reguleringsplanen som befatter vårt brudd (grønn skravur). Som det kommer frem av dokumentet, og som vi har forstått er det alternativet hvor veilinjene som er orange og blå som er de mest sannsynlige vegtraseene. De berører kun vårt område i nord-vestre hjørnet.»

DMF gjer oppmerksom på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving, jf. minerallova § 5. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve. Dette vil si at Tiltakshavar, til tross for at søknaden om konsesjon etter minerallova er godkjent, ikkje kan ta ut mineralar i strid med gjeldande reguleringsplan utan at ein dispensasjon eller avklaring frå kommunen på anna vis ligg føre. Det er kommunen som er planmynde, jf. pbl. § 3-2. Av det skriftlege svaret frå Tiltakshavar fremgår det at det føreligg ulike alternativ for framtidig vegløyising. Vi anbefaler derfor at Tiltakshavar opprettholder tett og konstruktiv dialog med kommunen som planmyndighet.

DMF går vidare ut frå at Tiltakshavar driv i tråd med anna lovgjeving, medrekna gjeldande reguleringsplan.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.



Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrar kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr./bnr. 30/5 i Time kommune, datert 27.03.2015, som dokumentasjon for utvinningsrett.

DMF vurderer at avtala gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 103 daa og går fram av vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 13.06.2006 med plan-ID 0277.02 og namn «masseuttak på Nordre Kalberg» er området regulert til steinbrot og masseuttak.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. Vidare har DMF vurdert selskapets nåverande økonomiske situasjon. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.



Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 103 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 800 000 m³ i tillegg til grusmassar på om lag 800 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 300 000 faste m³. Det er planlagt drift i tre etappar for henholdsvis løsmassar og fast fjell. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å deponere masser i brotet og planere og tilbakeføre brotområdet til landbruksformål.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Nordre Kalberg massetak godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Sverre Nergaard som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga



I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket datert 13.06.2006.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 18.04.2017) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Oppsummering av kjennsapsgrunnlaget

DMF har ikkje gjort funn av prioriterte eller trua arter, eller utvalde eller trua naturtypar i konsesjonsområdet. Konsesjonsområdet ligg i nærleiken av eit verna vassdrag med namn «Figgjoelven».

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Naturmangfaldlova § 10

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Uttaksområdet er omkransa av skog. DMF vurderer at arealbeslaget i stor grad allereie er gjort i samband med tidlegare aktivitet. Massetaket førar med seg anleggsaktivitet så lenge uttaket er i gang. Veger og landbruk vurderast å bidra til den samla belastninga.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

DMF har gjort funn av kulturminna og kulturminnelokalitetar i nærleiken av konsesjonsområdet. Vi visar til fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn i vedtaket sitt punkt 4 for nærare informasjon om kulturminna i nærleiken av konsesjonsområdet. DMF minner om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8 til fylkeskommunen som kulturminnemyndigheit.

Forureining

Massetaket kan føre til partikkelflukt til vann og luft, med potensiale for påverking av vann- og luftmiljø. Effektane på vassdrag kan være tilslamming og generelt forverra vannkvalitet.

Avrenning til vassdrag fell inn under kapittel 30 i forureiningsforskrifta. DMF minner om meldeplikten til forureiningsmyndigheta, Fylkesmannen, ved oppstart eller endringar/utviding av virksomheten.

DMF sin konklusjon

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift



Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar opplyser at driftsområdet er sikra med gjerde i formålsgrensa og låsbar port i adkomstvegen. Ein ingeniørgeologisk rapport har gjort ein vurdering av stabilitet i steinbrotet. Tiltakshavar og driftsplan følgjer anbefalingane frå rapporten og avslutta r brotveggane med pallhøgder på 20 meter, pallbredde på 10 meter og pallvinkel på 1:10, som gjer ein veggvinkel på 59 grader. Under drift vil løyse blokker som utgjer ein fare bli sikra med bolter eller sprengt ned. Ved avslutning skal steinbrotet fyllast opp med massar, slik at det ikkje er naudsynt med ytterligere sikring etter enda drift.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ressursen består av grus og granitt av god kvalitet som tiltakshavar nyttar dels i egne anleggsprosjekt og dels som tilslag i betongproduksjon.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Tiltakshavar opplyser at området vil bli lagt til rette for jordbruksdrift etter ferdig uttak og at det vil framstå som det gjorde før uttaket starta. Ved ferdig uttak skal tiltakshavar fyller opp byggjegropa med reine gravemasser, frå sørvest mot nordaust. Ved ferdig oppfylling skal tiltakshavar påføre eit jordlag med tjukkeleik minimum 0,7 meter. Jordlaget blir planert i tråd med reguleringsplanen.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar har foreslått å stille økonomisk sikkerheit som bankgaranti med eit beløp på 100 000 kr.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.



Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 350 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti–oppstartsfasen

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravgaranti for eit beløp på NOK 337 500. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 337 500. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 337 500, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 350 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,09 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 67 500 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 300 000 m³/år, tilsvarande om lag 720 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,09 per tonn.



Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivas kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn de t som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-3 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for Tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal Tiltakshavaren sende melding til DMF.



Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvar til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivingane elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



Vennleg helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleder

Stine Lunheim
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Stine Lunheim

Vedlegg:

Konsesjonsområde_før høring.pdf
Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx
Påkravsgaranti for Kuhølen grustak (Kjæstad grustak).docx
Pantsettelseserklæring for Kuhølen grustak (Kjæstad grustak).docx
Godkjent driftsplan_før høring.pdf

Mottakere:

Stangeland Maskin AS Postboks 21 Forus 4064 STAVANGER

Kopi til:

Time kommune	Postboks 38	4349 BRYNE
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59, Sentrum	4001 STAVANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør	Postboks 2124	3103 TØNSBERG
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103 TØNSBERG
Statens vegvesen Region sør	Postboks 723 Stoa	4808 ARENDAL
Bjarne Kalberg	Kalbergvegen 187	4355 KVERNALAND
Bård Austerå	Kalbergvegen 178	4355 KVERNALAND
Bjørn Austerå	Kalbergvegen 176	4355 KVERNALAND
Bane NOR SF	Postboks 4350	2308 HAMAR
Abraham Kalberg	Kalbergvegen 145	4355 KVERNALAND
Tore Kalberg	Kalbergvegen 160	4355 KVERNALAND
Lars Roald Høyland	Fosseikemyrå 106	4355 KVERNALAND
Statskog SF	Postboks 63 Sentrum	7801 NAMSOS
Olav Øystein Skadsheim	Gamle Åslandsveien 87	4336 SANDNES
Lyse Elnett AS	Postboks 8124	4069 STAVANGER